

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 20.04.2018
FRÅ: Administrerende direktør Eivind Hansen
SAKSHANDSAMAR: Viseadm. direktør Clara Gram Gjesdal/prosjektleder Ingvild Sunde

SAKA GJELD: **Statusmelding utviklingsplan 2018 - 2035**

STYRESAK: **50/18 O**

STYREMØTE: **27.04.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar utkasta til kapittel 4 og 5 i utviklingsplanen til orientering.

Oppsummering

Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus, er i gang med å utarbeide ein utviklingsplan for perioden 2017-2035. Planen skal vere klar til behandling og vedtak i styret for Helse Bergen HF i styremøte 20. juni i år. Undervegs får styret statusmeldingar for arbeidet slik at styret kan kome med innspel under vegg.

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt alle helseføretak i oppdrag å lage ein utviklingsplan (jf. Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld. St. 11 (2015-2016)). I styringsdokumentet for 2017 ber Helse Vest om at føretaka leverer utviklingsplanane sine innan 30.juni 2018. Vi legg til grunn Veileder for arbeidet med utviklingsplan, og føringar som er gitt av Helse Vest gjennom Helse2035.

I arbeidet med planen i Helse Bergen HF, har prosjektgruppa lagt vekt på brei involvering. Internt har det vore møter med tillitsvalde, verneombod og fagmiljøa, og arbeidet har vore presentert og behandla i føretaksleiinga. Tre undergrupper har greidd ut områda sengekapasitet, operasjonskapasitet og bildediagnostikk. I tillegg skal rapporten frå gruppa som har arbeidd med prehospital plan bli ein del av utviklingsplanen.

Innspel frå eksterne samarbeidspartar er viktig, og det har vore møte med kommunane, private ideelle institusjonar, universitet og høgskular.

Kommentar

Denne saka inneheld kapittel 4: *Utviklingstrekk og framskrivning* og kapittel 5: *Analyse av moglegheiter*. Det er viktig å understreke at kapitla er eit førsteutkast og ikkje ferdige dokument, det gjeld både form, innhald og språk. Dei skal vidare også behandlast i Brukarutvalet, i Føretaksleiinga og i møte med tillitsvalde og verneombod. Kapitla blir likevel lagt fram for styret i den forma dei har no, slik at styret kan vere med og forme innhald m.v.

Kort om samanhengen mellom kapittel 4 og 5 og analysemodellen vi legger til grunn.

I kapittel 4 skisserer vi kva utviklingstrekk vi meiner vil utfordre oss. Desse er i all hovudsak kjende, men vi har søkt å ta dei ned på Helse-Bergen nivå. Utviklingstrekka er vist på venstra side i figuren under (utkast):



Gitt utfordringsbiletet og om vi fortsatt skal greie å gi gode helsetenester til innbyggerane vi har ansvar for, trur vi at vi at dei viktigaste overordna grepa er å:

- Førebygge: Dempe veksten i behovet for helsetenester
- Forbetre: Sjå etter andre måtar å yte tenester på og få til betre bruk av dei ressursane vi rår over

Samstundes trur vi at vi må prioritere meir: Vi trur vi må bruke prioriteringskriteria for å styre utviklinga framover. I analysen av moglegheitene søker vi å vise korleis dei kan bidra til å dempe veksten i behovet for spesialisthelsetenester og/eller bidra til å bruke dei ressursane vi vil rå over på betre måtar.

Vedlegg

Kapittel 4 Utviklingstrekk v 0.9

Kapittel 5 Analyse av moglegheiter v 0.5